

## Rom for møte; akselerasjon frå 0 til 100!

Samnanger bibliotek flytta inn i nye lokaler sommaren 2017.

Ny frivilligkoordinator vert tilsett på nyåret 2018 og samlokalisert med biblioteket.

Me vil gjere biblioteket til ein møtestad der innbyggjarane skal treffast og få lyst til å vera i lag. Kommunen er langstrakt og folk bur spreidd, dette er særleg ei stor utfordring for flyktingar og innvandrarak. For å nå flest mogleg av nye landsmenn og samstundes få Samningane til å koma, lyt me ha eit breidt tilbod.

Aktivitetsambisjonane er store, i vårt vedtekne Årshjul for Biblioteket/Kulturavdelinga ynskjer me å akselerera våre mellommenneskelege møte-aktivitetar frå «0 i året til 100»

Me skal ha:

- **Språkkafé**, organisert i biblioteket av Frivillig-koordinator og Flyktningskonsulent, biblioteket kjøper inn gode bokgaver til dei medverkande, høgtlesing v/ bibliotekar
- **Småbarnstreff**; møte nye foreldre uansett nasjonalitet, organisert av Helsesyster. Lesetreff og bokgave til 4-åringar vert fletta inn i dette.
- **Internasjonal eventyrstund**, bibliotekar les eventyr frå ulike land og kulturar. Innleige av personar som beherskar Fortell, u sheeg!, eller som på andre måtar kan gi oss tospråklege eventyrmøte.
- **Møte med kreativitet, Strikkekafé**, arrangert i biblioteket av frivillige. Biblioteket organiserer strikkeforedrag, inspirasjon-møte med Strikkebokforfattar m.m.
- **Møte med lokalhistoria/ lokale kulturbærarak**, foredrag/treff med lokale eldsjeler, prat kring lokalt handverk, tradisjonar og generet om historia/fortida til bygda.
- **Frivillig-møter/ Leseombuds-inspirasjon**, me vil inspirera dei som arbeider frivillig ved å arrangera inspirerande møter med andre eldsjeler
- **«Møte-i-natur-aldri-sur»**; Turlaget skal vera ein inspirator for å få nye landsmenn ut i skog og mark, biblioteket skal vera ein inspirerande møteplass, formidla turlitteratur, kart m.m.
- **Internasjonal Spillkveld** for ungdom, arr v/ Ungdomsrådet

Samarbeidspartnarar: Frivillig-koordinator, Flyktningskonsulent, Samnanger historielag, Hagelaget, Helsesyster og kulturkonsulent/ kulturkontoret/ kulturskulerektor og Samnanger turlag, Ungdomsrådet

Me ynskjer at alle arrangement i dette prosjektet, og i biblioteket generelt, skal vera gratis.

Merethe Gauden, Samnanger bibliotek